



OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet

Møtestad: Åram skule – Grendastova.

Dato: 19.05.2020

Møtet tok til: 13:00

Møtet slutta: 14.20

Møtet var innkalla ved utsendt sakliste og sakene var tilgjengeleg på kontrollutvalet si heimeside.

— Paul Sindre Vedeld leia møtet.

Faste medlemar som møtte:

| Namn | Funksjon |
|--------------------|-----------|
| Paul Sindre Vedeld | Leiar. |
| Lasse Rindal | Nestleiar |
| Laila Haugen | Medlem. |
| Evelyn Midtbø | Medlem |

Faste medlemar som ikkje møtte:

| Namn | |
|--------------|--------|
| Harry Hansen | Medlem |

Varamedlemar som møtte:

| Namn | |
|---------------|-----------------------|
| Svein Sandvik | Vara for Harry Hansen |

Frå Vest Kontroll møte:

| Namn | Stilling |
|------------------|------------------|
| Jostein Støylen | Dagleg leiar |
| Karoline Sighaug | Konsulent |
| Jorunn Sandal | Spesialrådgjevar |

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

| Namn | Stilling |
|--------------|--|
| Haldis Moltu | Oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon. |

Frå administrasjonen / politisk hald møte:

| Namn | Stilling |
|----------------------|---------------------------|
| Lena Landsverk Sande | Ordførar. I sak 18 og 19. |

Underskrifter:

Vi stadfestar at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

SAKLISTE

- SAK 12/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 13/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 14/20 MELDINGAR
- SAK 15/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 16/20 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 17/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIEN – OPPFØLGING
- SAK 18/20 ORIENTERING FRÅ ORDFØRAREN – KORONASITUASJONEN M.M
- SAK 19/20 ORIENTERING FRÅ ORDFØRAREN – ØKONOMISK SITUASJON M.M

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 12/20 | 033 | 27.03.2020 | 19.05.2020 | KS |

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Svein Sandvik.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 13/20 | 049 | 27.03.2020 | 19.05.2020 | KS |

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 25.02.2020.

I møtet

Ordføraren tok opp eit tilfelle der eit KU-medlem har kritisert ordføraren på Facebook. Saka blir sett opp på neste møte i Kontrollutvalet.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 25.02.2020.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 14/20 | 033&17 | 21.04.2020 | 19.05.2020 | KS/JS |

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

Frå bladet Kommunal økonomi, nr 3. 2020 – «Ny inkassolov raserer kommunal innkreving».

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 15/20 | 033&58 | 27.03.2020 | 19.05.2020 | KS/JS |

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet gjorde slik fordeling av utvala mellom medlemmane:
 - Kommunestyret: alle KU-medlemmar
 - Formannskapet: Laila Haugen og Lasse Rindal
 - Administrasjonsutvalet: Paul Sindre Vedeld og Harry Hansen
 - Driftsutvalet: Paul Sindre Vedeld

- Eldrerådet: Paul Sindre Vedeld
- Livsløputvalet: Evelyn Midtbø
- Råd for funksjonshemma: Paul Sindre Vedeld
- Ungdomsrådet: Evelyn Midtbø
- Valstyret: Lasse Rindal og Laila Haugen

- Vanylven Utvikling AS Paul Sindre Vedeld

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vanylven kommune si heimeside -

<https://innsyn.vanylven.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:

Driftsutvalet: 10.02 **09.03**
 Eldrerådet: 05.02
 Formannskapet: 03.02 **20.04**
 Kommunestyret: 27.01 **24.02 27.04**
 Livsløputvalet: 28.01 **10.03**
 Råd for funksjonshemma: 06.02
 Ungdomsrådet: 21.01
 Valstyret:

Vanylven Utvikling AS

Vest Kontroll tek med protokollar til møtet

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|--------------|-----------|------------|------------|----------------|
| 16/20 | 033 | 07.05.2020 | 19.05.2020 | KS/JS |

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplan for kontrollutvalet 2020 til vitende.

Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2020. Utarbeida av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2020.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 17/20 | 217 | 11.05.2020 | 19.05.2020 | KS/JS |

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i heimesjukepleia til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

Vedlegg

1. Samandrag i rapporten – Tenesteyting i heimesjukepleia, av 27.09.2019

Saksopplysning

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Vanylven kommune gjorde i sak 16/19 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til tenesteyting - heimesjukepleie.

Målsettinga for prosjektet er å kontrollere om heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak.

Ein har også utarbeida ei deskriptiv analyse med bakgrunn i KOSTA –tal frå SSB.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Denne var handsama i kontrollutvalssak 34/19, og vidare i kommunestyret 16.12.2019 i sak 174/2019 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting heimesjukepleie, Vanylven kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 27.09.2019).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen må få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar.
 2. Kommune må få på plass felles rutinar i høve oppfølging og re-vurdering av enkeltvedtak. Dette bør også innarbeidast i dei nye skriftlege rutinane kommunen har utarbeida og som gjeld frå 2019.
 3. Kommunen må sørge for at ein sender ut nytt skriftlege enkeltvedtak i sakene ein vel å revurdere.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **30.04.2020**.

Tilbakemelding frå rådmannen, av 11.05.2020.

Viser til sak 34/19 frå Kontrollutvalet.

Det var i sak KO-100/19 gjort vedtak om følgjande:

Rådmann startar ein prosess hausten 2019 i høve struktur og organisering av tenestene i Vanylven kommune.

Denne prosessen er no sett i gang, og ein vil no sjå på både organisering og tenestetilbod i helse og omsorg. I samband med dette vil ein også utarbeide prosedyrar og kriteria for tildeling av tenester. Det vil også vere fokus på sakshandsaming, med å etablere eit eige tildelingskontor i den nye organiseringa av helse og omsorg. Det er likevel eit stort fokus på å få struktur på både sakshandsaming og enkeltvedtak under prosessen av omorganisering.

Kriteria for tildeling av tenester vert utarbeidet i tråd med Lov om kommunale helse- og omsorgstenester av 01.01.2012. Til desse tenestene er det knytt ein informasjons- og rettleiingsplikt. Sakshandsaminga av alle søknader på omtalte tenester utførast i tråd med «Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker» (Forvaltningslova) av 10.02.1967, endra 17.12.2004 og IS 1040 – «Saksbehandling og dokumentasjon for pleie- og omsorgstjenester». Avgjersle om tildeling av pleie- og omsorgstenester regnast som enkeltvedtak, slik at forvaltningslova sine reglar vert nytta. Intern saksgang og rutinar for sakshandsaming vil bli beskrive i eigne dokument i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem.

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik, av 12.05.2020.

Ut i frå tilbakemeldinga til Rådmannen er ein no inne i ein prosess i høve struktur og organisering av tenestene innan helse og omsorg. Fleire av emna ein såg forbettringspotensiale ved under kontrollen vil ha fokus under denne prosessen.

Ein eventuell etterkontroll på eit seinare tidspunkt vil kunne avdekke om tiltaka har fungert.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|-----------------|------------------|--------------|------------------|-----------------------|
| 18/20 | 047 | 13.05.2020 | 19.05.2020 | JSa |

ORIENTERING FRÅ ORDFØRAREN – KORONASITUASJONEN M.M

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den orienteringa frå ordføraren til vitende.

I møtet

Ordførar Lena Landsverk Sande orienterte og svara på spørsmål.

- Ny lege har teke tak, informert om smitteverntiltak og fått på plass utstyr. Kriseberedskapsgruppa har hatt stor nytte av arbeidet til kommuneoverlegen.
- 2 personar har hittil vore coronasjuka i kommunen.
- Ein må rekne med fleire smittetilfeller og at smittetala vil gå i bølger, kanskje over fleire år.
- Det er viktig å verne om institusjonane for å unngå smitte.
- Det er opp til dei som er sjuka om dei vil informere utad om tilstanden sin.
- Ingen skam å få corona. Openheit er viktig for å unngå rykter. Forslag om at kommuneleiinga går ut i avisa og oppmodar til openheit og å teste seg ved mistanke om smitte.

Saksopplysning

Ordførar vil orientere og svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 19/20 | 047 | 13.05.2020 | 19.05.2020 | JSa |

ORIENTERING FRÅ ORDFØRAREN – ØKONOMISK SITUASJON M.M

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den munnlege orienteringa til vitende.

I møtet

Ordførar Lena Landsverk Sande orienterte og svara på spørsmål.

Følgande moment blei nemnd/diskutert:

- Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon.
- Store investeringar ligg i økonomiplanen.
- Rekneskapen for 2019 ikkje ferdig ennå, men underskot må påreknast.
- Vedteke i budsjettet å bruke 19 mill. av disposisjonsfondet i åra som kjem, men veit ikkje om det blir dekning på disp. fondet til dette. Må bruke av fondet for å dekke inn eventuelle underskot.
- Diskusjonar om auka kommunale gebyr og eigedomsskatt bl.a. kan bli aktuelt.
- Barnehage 2017-rekneskapen ikkje godkjent. Sak på gang.
- Bygdestrid og svartmaling kan redusere bulysta og er skadeleg for kommunen sitt omdømme.
- Sjukeheimsplassar kan bli redusert.

Leiar oppmoda KU-medlemmar om å ikkje diskutere i sosiale mediar.

Saksopplysning

Ordføraren vil orientere og svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.